



VIKING GJENVINNING NORD AS
Geilevika 2
6055 GODØYA

Saksbehandlar, telefon
Torunn Slettebmark Hovden, 75531549

Varsel om tilsyn ved Viking Gjenvinning Nord AS - Meløy

Vi viser til telefonsamtalar og e-postkontakt med dagleg leiar Geir Istad, sist gong 10.08.2020.

Vi varslar med dette at Fylkesmannen kjem på tilsyn ved Viking Gjenvinning Nord AS på Reipå, Meløy **onsdag den 19. august klokka 10:00.**

Besøket kjem til å vare om lag 2,5 timer.

Vi ønsker at ansvarleg leiar for anlegget og personar som har kjennskap til praksisen knytta til temaene for tilsynet er tilstade under tilsynet. Ut over dette kan dokker velje sjølv kven det er hensiktsmessig å stille med. Frå Fylkesmannen stiller Torunn Slettebmark Hovden (tilsynsleiar) og Hege Rasmussen.

Bakgrunn

Tilsynet er eit ledd i den rutinemessige oppfølginga av verksemder der Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit. I samband med dette gjennomfører vi årlig tilsyn med utvalde verksemder.

Tema som vi kjem inn på under tilsynet

- Rutinar for mottak og miljøsnering av kasserte fritidsbåtar
- Forureining til omgjevnadane
- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll

Følgande krav ligg til grunn for tilsynet:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall, av 13.03.1981 med tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996
- Tillatelse til mottak og snering av kasserte fritidsbåtar. Viking Gjenvinning Nord AS, as 06.06.2019

Gjennomføring



Plan for gjennomføringa av tilsynet:

Tidspunkt	Program
10:00-11:00	Innleiing: Vi orienterer om bakgrunnen for tilsynet og gir generell informasjon
	Undersøking: Intervju/samtale med verksemda der vi ber om svar på ein del punkt som er relevante for tilsynet. Vi går gjennom dokument som er relevante for tilsynet.
11:00-12:00	Verifikasjon: Synfaring på anlegget
12:00-12:30	Oppsummering: Vi går gjennom eventuelle funn frå tilsynet (munnleg)

Vi ber om at følgande er tilgjengeleg under tilsynet:

- dokumentasjon på internkontrollaktivitetar knytt til det ytre miljø (mål, risikokartlegging, avvikshandtering mv.)
- driftsprosedyrar for verksemda
- dokumentasjon på avfallshandtering
- driftsjournal og dokumentasjon på utslippskontroll
- eventuell anna dokumentasjon dokker tykkjer er relevant

Oppfølging

Dokker kjem til å motta ein skriftleg tilsynsrapport frå oss innan 1 måned etter tilsynet. Der får dokker òg ein frist for å gi tilbakemelding om korleis dokker har/skal rette opp eventuelle avvik.

Varsel om gebyr

Fylkesmannen er pålagt å krevje inn gebyr ved tilsyn etter *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 *Gebyr til statskassen for arbeid med tillatelse og kontroll etter forurensningsloven*. Ut frå arbeidsomfanget for tilsynet vurderer vi å bruke sats 4 i § 39-7 *Gebyr for tilsyn av inntil en dags varighet i virksomheter*. Satsen for 2020 er på kr 13 300,-.

Eventuelle kommentarar til varsla gebyrsats må sendast til Fylkesmannen **innan 2 veker** etter dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 16. Vi fattar endeleg vedtak om gebyr i samband med utsending av tilsynsrapporten. Det er Miljødirektoratet som krev inn gebyret.

Vi ber om tilbakemelding dersom vi må ha med personleg verneklede/-utstyr.

Ta gjerne kontakt dersom dokker har spørsmål eller merknadar til dette varselet.

Helsing

Torfinn Sørensen (e.f.)
fylkesmiljøvern sjef

Torunn Slettemark Hovden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent